



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

5478

Fjon Bruk,
Alsaker Fjordbruk AS,
5550 SVEIO

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **29 MAI 2008**
Vår ref.: NVE 200705686-6 rv/ias
Arkiv: 313 /041. *113 Vigdarvassdr.*
Dykkar dato: 21.09.2007
Dykkar ref.: 07/9840

Sakshandsamar:
Ivar Sægrov
57 83 36 72

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Fjon Bruk i Sveio kommune, Hordaland - Løyve til regulering og vassuttak frå Vigdarvassdraget for produksjon av yngel og settefisk

Vi viser til søknaden dykkar datert 30.05. 2007

NVE gjev Alsaker Fjordbruk AS og Vigdar grunneigarlag løyve etter vassressurslova § 8, til å regulere Vigdarvatnet med inntil 1,13 m mellom LRV på kote 7,37 og HRV på kote 8,50. Det skal sleppast ei minstevassføring til Fjonelva på 160 l/s. Maksimalt vassuttak er 65 m³/min. Reguleringa og vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet H-SO-03, Fjon Bruk AS i Sveio kommune. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Søknaden

Oversendt frå Fiskeridirektoratet med brev datert 21.09.2007.

H-SO-03 FJON BRUK AS SØKNAD OM UTVIDELSE AV SETTEFISKLØYVE I SVEIO KOMMUNE

SØKNAD DAGSETT: 30.05.07

SØKJAR: Fjon Bruk AS, ADRESSE 5550 Sveio

KONS. NR: H-SO-3

OPPDRETT AV: Laks og aure

OMSØKT STORLEIK: 5 mill stk

KVA SAKA GJELD: Søknad om utviding av settefiskanlegget ved Fjon i Sveio, frå ein produksjon på 2,5 mill stk til 5 mill stk.

Nr	Lokalitet	Kommune	Ant. Setjefisk	Koordinatar E f 89/W GS 84	Vasskjelde
10060	Fjon	Sveio	5 mill	59° 30,6972' N 5° 26,7437' E	Vigdarvassdraget

Vassdraget og vassuttak

Samandrag frå søknaden:

"Vigdarvassdraget har et nesten 95 km² stort nedbørfelt i både Sveio, Tysvær og Haugesund kommuner. Vassdraget inneholder en rekke større og mindre innsjøer, der den nederste innsjøen, Vigdarvatnet, er 7,13 km² og regulert. Innsjøen har tette bestander av aure og særlig røye, og vassdraget er i 1998 igjen åpnet opp for oppvandring av laks og sjøaure. Samlet gjennomsnittlig vannføring ved utløp sjø er på 283 m³/min.

Fjon Bruk AS har avtale med Vigdar grunneigarlag om uttak av vann og konsesjon fra NVE til å regulere Vigdarvatnet mellom kote 8,50 og 7,37 moh, noe som gir et reguleringsmagasin på maksimalt 8,3 millioner m³. Anlegget tar sitt vann fra en inntaksdam i utløpselven, der det er etablert en laksetrapp og styring av slipp av vann til utløpselven. I tillegg benyttes et sjøvanninntak med opp til 10 m³/min. Alt vann inn til anlegget renses og desinfiseres i et vannrenseanlegg, som består av 4 stk HYDROTECH trommelfiltre med lysåpning 30 µm og et UV-anlegg med en kapasitet på 50 m³/min.

Det omsøkte tiltaket ventes ikke å ha noen negative konsekvenser for biologisk mangfold, friluftsliv, landbruk, vannkvalitet og vannforsyningsinteresser i vassdraget, samt for kulturminner.

Tiltaket vil ikke medføre andre inngrep enn et noe øket vannuttak innenfor gjeldende privatrettslige avtale, og utbygging innenfor anleggsområdet ved Fjonvika.

Utløpselven fra Vigdarvatnet hadde midt på 90-tallet gode tettheter av lakse- og aureunger, men samlet smoltproduksjon i utløpselven er for liten til å opprettholde egne bestander av laks eller sjøaure. Inntaksdammen til anlegget, ved utløpet av Vigdarvatnet, ble i 1999 åpnet opp igjen for oppvandrende laks og sjøaure. Den omsøkte utvidelsen vil ikke influere på fiskens muligheter for oppvandring, og selve Fjonselven er for liten til i seg selv å ha særlig betydning for opprettholdelse av egne stammer av laks og sjøaure i vassdraget."

Tillegginformasjon

"Fra Stakkastadvatnet lenger oppe i vassdraget, tar Haugesund vassverk ut vann til 40.000 innbyggere og flere store næringsmiddelbedrifter. Vassføringa frå delfelta er i gjennomsnitt 1,427 m³/s ved utløp Stakkastadvatnet og 4,722 m³/s ved utløp Vigdarvatnet. I Stakkastadvatnet er der en demning slik at de kan tappe ned magasinet, og da vil vannføringen bli null fra dette delfeltet. Det tas årlig ut 7,5 millioner m³ = 0,24 m³/s i gjennomsnitt. De laveste vannføringene gjennom Vigdarvatnet til Fjon vil skje i perioder når drikkevannsuttaget er større enn tilrenningen til inntaket, slik at lavvannføringen er definert av "restfeltet" til Vigdarvatnet nedenfor Stakkastadvatnet."

Handsaming av søknaden

Etter retningslinjer for kunngjering og høyring (utarbeidd av Fiskeridirektoratet og NVE) har søknaden vore offentleg utlyst i samsvar med krava i Akvakultur- og Vassressurslova.

Sveio kommunen har i si fråsegn datert 04.09.2007 konkludert slik:

- "1.1 Sveio kommune rår til at Fjon Bruk AS får utvida driftsomfanget i verksemda si til fem - 5 - millionar sjødyktig setjefisk og fem - 5 - millionar yngel per år.*
- 1.2 Kommunen rår til at Fiskeridirektoratet vurderer åtgjerder som sikrar miljøvenleg drift med omsyn til utslepp, støy, lys med meir.*

- 1.3 Uttalen er gjeven i medhald av akvakulturlova og tilhøyrande forskrift.
- 2.1 Sveio kommune rår til at det ikkje vert sett i gang konsekvensutgreiing etter reglane i forskrift om konsekvensutgreiing for tiltaket nemnd under punkt 1.1. Grunngevinga går fram av saksframstillinga ovafor.
- 2.2 Uttalen er gjeven i medhald av reglane i forskrift om konsekvensutgreiing."

I fråsegna frå kommunen er det med slik vurdering:

"Kommunen skal vurdere søknaden etter akvakulturlova og tilhøyrande forskrift. Særleg relevant for kommunen er å vurdere søknaden i høve til arealutnytting og i noko mon ut frå miljøomsyn. Kommunen må blant anna vurdere søknaden ut frå omsynet til godkjende planar for bruken av området, og om tiltaket kan vera til skade eller ulempe for andre grunneigarar, brukarar eller andre interesser i området.

Sidan mykje av utvidinga av setjefiskproduksjonen kan skje innafor gjeve rammeløyve etter plan- og bygningslova, meiner rådmannen det vil vera uforholdsmessig tyngjande for søkjar om handsaminga etter akvakulturlova skulle utsetjast til rammeløyve som dekkar heile utvidinga er gjeve. Slikt rammeløyve kan først gjevast når reguleringsplanen for området er godkjent. Det er i dag usikkert når ei slik godkjenning kan ligga føre. Rådmannen meiner og det ikkje bør vera naudsynt å godkjenna etter akvakulturlova i fleire steg på grunn av manglande rammeløyve. Produksjonsomfanget vil avgrensa seg sjølv på grunn av mangel på areal som fylgje av manglande løyve.

Rådmannen legg til grunn at Fjon Bruk AS tek ut vatn på slik måte som er godkjent av NVE. Rådmannen kjenner ikkje til tilhøve som tilseier noko anna. Rådmannen stiller seg elles positiv til om søkjar vil laga til system som på ein endå betre måte enn no målar vasstanden i Vigdarvatnet.

På bakgrunn av dei opplysningar og den kunnskapen kommunen har om omsøkte tiltak og konsekvensane av tiltaket, meiner rådmannen at tiltaket ikkje vil utløysa konsekvensutgreiing etter reglane i forskrift om konsekvensutgreiing.

Rådmannen kan ikkje sjå at avklaring av andre tilhøve enn løyve etter plan- og bygningslova er naudsynt for å kunna utvida til fem millionar setjefisk. Rådmannen si samla vurdering er derfor at Fjon Bruk AS sin søknad om utviding til fem millionar setjefisk kan tilrådest."

Fylkesmannen i Hordaland i brev, datert 15.01.2008 til NVE:

"Fjonselva er gyte- og oppvekstområde for laks og sjørørret, og en populær sportsfiskeelv. I tillegg er det viktig å opprettholde vandringsmulighetene for laks og sjørørret opp til Vigdarvatnet og vassdraget videre oppover, som har stort, naturlig potensial for produksjon av smolt.

Søknaden om utvidelse innebærer ikke noen endring av inntaksanordningene eller inntakskapasiteten. Vi vil likevel anta at vannforbruket i perioder vil bli øket på grunn av den store økningen i antall fisk. Den vassdragskonsesjonen settefiskanlegget allerede har, angir en LRV for Vigdarvatnet, og gir således en grense for hvor langt ned innsjøen kan tappes. Imidlertid synes det å være mer uklart hvor stor åpning det skal være for avrenning til Fjonselva. Fra settefiskanleggets side opplyses det at dette er noe de har en løpende diskusjon med grunneierlaget om. Dette synes ikke å være en tilfredsstillende regulering av vannføringen i Fjonselva. Vi vil foreslå at det i forbindelse med behandlingen av søknaden om utvidelse av produksjonen, utføres en revisjon av vassdragskonsesjonen, slik at det blir angitt en presis og ufravikelig minstevannføring i

Fjonelva".

Vigdar grunneigarlag (som også er konsesjonær/søkjar) har meldt til kommunen at dei ikkje har merknader til søknaden

Torkel Hamre, 5550 Sveio har i brev datert 06.10.2007 referert til at det er registrert mykje høg vasstand (9,40) i Vigdarvatnet både i 2005 og 2006 og dette medførte skader på inventar i naustet hans. Det blir vidare vist til at det skal vere definert ein "høyst tillat vannstand på 9.28". I fråsegna blir det også peika på kvar "målestasjonen" bør plasserast. Det blir frå Hamre presisert at "Eg har ikkje noe imot at Fjon Bruk AS tar vann fra Vigdarvannet, så lenge det skjer etter gitte konsesjoner og avtaler. Er det Sveio kommune som har kontrollansvaret? Hvem er ansvarlig for de skader som eg er påført og eventuelle kommende skader ved overskridelser?"

Søkjar sin kommentar i brev datert 10.08.2007:

"Viser til merknad frå Torkel Hamre datert 03.07 d.å, og har følgjande kommentar til denne: Hamre viser til varierende vasstand i Vigdarvatnet, og då spesielt høgare vasstand enn tidlegare. Vasstanden i vatnet har naturleg variasjon mellom 7.37 og 9.28. Utløpet ved Fjonelva er uendra sidan etablering av mølledammen i 1926. Etter felles søknad frå Vigdar Grunneigarlag og Stolt Sea Farm på slutten av 90-tallet vart det gjeve løyve til å utbetra den gamle bremsedammen, og dette arbeidet vart slutført i 2002. Heller ikkje då vart utløpshøgda endra, den er framleis den same. No har Vigdarvassdraget eit nedslagsfelt på om lag 95 km², og det er difor i periodar med mykje nedbør og flom -ein høgare vasstand. Pr dags dato er vasstanden eksempelvis 8,68, noko som er høgt i forhold til årstida. Dersom ein tek høgde for høgaste vasstand, 9,28, så er total differansehøgde (9,28 - 7,37) = 1,91m. Me vil tydeleg presisera at me heile tida har halde oss innfor dei konsesjonsvilkåra som er gitt av NVE. Ved ein eventuell utvida konsesjon vil Fjon Bruk AS framleis halda seg innfor same reguleringshøgdar som tidlegare."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søknaden

Produksjonen av settefisk på Fjon vart starta opp i 1973 og gjeldande konsesjonsramme er på 2 mill sjødyktig settefisk. Søknaden omfattar ei utviding til 5 mill.

Settefiskanlegget ligg ved utløpet av Vigdarvassdraget ved Fjon i Sveio kommune. Anlegget sitt vassuttak frå Vigdarvatnet vart etablert i 1973. I søknaden er det gjort greie for, og lagt fram, aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere nødvendig for den planlagde produksjonsauken i settefiskanlegget.

I Fjonelva vart det i 1926 bygt ein dam for å regulere magasinet i Vigdarvatnet. Demninga vart bygd for å sikre vatn for drift av kvern. Utbetring av dammen vart gjennomført i 1982 og seinare ved ei ombygging i 2001.

Søknaden er basert på at gjeldande vassdragskonsesjon frå 12.09.2000, med løyve til vassuttak og regulering av Vigdarvatnet med 1,13 m, skal sikre vatn til den planlagde utvidinga i settefiskanlegget.

Eksisterande forhold i vassdraget

Vassuttak og Hydrologiske verknader:

Det gjeldane løyvet for regulering av vatnet vart gjeve av NVE den 12.09.2000. Løyvet frå 2000 er vidare basert på eit vassuttak tilsvarende det som då var etablert for anlegget. I løyvet er det ikkje fastlagt krav om minstevassføring til Fjonelva. Det er i søknaden opplyst at det ikkje har oppstått situasjonar som har medført tørrlegging av elvestrekkja nedanfor dammen.

Vatn til anlegget blir henta frå inntak i Vigdarvatnet. Samla nedbørfelt til Vigdarvassdraget er på 95 km² og midlare avrenning gjennom året ca 283 m³/min (4720 l/s). Anlegget sitt vassbehov vil variere mellom nær opp til 65 m³/min (ca 1080 l/s) i august til ca 12 m³/min (ca 200 l/s) som midlare vassuttak gjennom vinteren. Gjennomsnittleg vassuttak gjennom året vil utgjere ca 29 m³/min (480 l/s) som utgjør ca 10 % av den midlare naturlege vassføringa forbi uttaksstaden. Vassuttaket til Haugesund vassverk utgjør i tillegg 240 l/s og tilsvarar soleis om lag 5 % av midlare tilsig til vassdraget. Samla for vassverket og settefiskanlegget utgjør midlare vassuttak gjennom året ca 700 l/s. Maksimalt vassuttak som planlagt på 1080 l/s til settefiskanlegget, + 240 l/s til vassverket, vil gje eit uttak på ca 1300 l/s. I situasjonar då maksimalt vassuttak fell saman med lågt tilsig, som t.d. i august månad, kan vasstilgangen bli knapp og kanskje då særleg utfrå Vigdarvatnet. Alminneleg lågvassføring ved Fjon er for heile feltet utrekna til ca 10 % av middelsvassføringa.

Vigdarvassdraget ligg nær kysten, det har eit lågtliggjande nedbørfelt og innsjøprosenten er på ca 9 %. Avrenninga er størst i vinterhalvåret og vassdraget har, som naturleg for denne typen vassdrag, relativt høg alminneleg lågvassføring.

Frå Sveio kommune er det vist til at det blir lagt til grunn "at Fjon Bruk AS tek ut vatn på slik måte som er godkjent av NVE."

Arealbruk

Kommunen har i si fråsegn vist til at auka produksjon skal føregå på eksisterande anlegg. Det er under handsaming reguleringsplan etter Plan- og bygningslova for området ved Fjon.

Sveio kommune har rådd til at det blir gjeve løyve til planlagt utviding av settefiskanlegget.

Verknader som tiltaket vil medføre

NVE ser det slik at tiltaket kan gje fylgjande fordelar og ulemper.

Fordelar

- Settefiskanlegget har med magasinet i Vigdarvatnet sikker tilgang på vatn til produksjonen av settefisk
- Auka produksjon i anlegget vil sikre planlagt drift og utviding av eit tidsmessig og godt utbygt settefiskanlegg.

Ulemper

- Reguleringa på 1,13 m i Vigdarvatnet vil kunne gje periodar med lita vassføring i Fjonelva frå vatnet og nedover mot sjøen og utan vilkår om minstevassføring kan elvestrekkja bli tørrlagt. I Vigdarvatnet kan reguleringa medføre vasstandstilhøve som i periodar kan gje ulemper for einskilde interesser omkring vatnet.

NVE si vurdering

NVE vurderer det slik at etablert regulering av Vigdarvatnet i det vesentlege vil ligge innan det som kan definierast som naturlege variasjonar i vasstanden. Demninga vil i periodar halde vatnet attende etter at magasinet er nedtappa og soleis påverke det naturlege avrenningsregimet i vassdraget nedanfor. Forsterking av dammen vart gjennomført i 2001. Det var på den tid, og både før og etter,

aktivt ålefiske i vassdraget med ei større felle ved sjølve reguleringsdammen. Rehabiliteringa av dammen vart gjennomført slik at denne fangsten skulle kunne halde fram.

Fylkesmannen har rådd til at det blir fastsett krav til minstevassføring til Fjoneelva.

NVE legg vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av vassføringa. Maksimalt vil vassuttaket kunne komme opp i ca 23 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassforbruk, slik det er skissert i søknaden, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Magasinet i Vigdarvatnet vil soleis vere viktig for å sikre vatn til anlegget i tørre år.

Sjølvs med reguleringa av Vigdarvatnet og planlagt vassuttak, vil Fjoneelva i lange periodar ha tilnærma naturleg vassføring frå feltet som ikkje blir fanga opp av Stakkastadvatnet og det etablerte vassuttaket til Haugesund vassverk. Det er likevel NVE si vurdering at ei vilkårsfesta minstevassføring for Fjoneelva er viktig for å hindre tørlegging av elva. Vilkår om minstevassføring vil krevje at det blir lagt eit hushalds-/driftsbudsjett for vassressursen. Det er NVE si vurdering at ei minstevassføring som tilsvarar ca 5 % av middelvassføringa frå feltet som ikkje blir fanga opp av reguleringa til Stakkastadvatnet, vil vere tilstrekkeleg og at den ikkje i vesentleg grad vil redusere verdien av magasinet i Vigdarvatnet.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket er moderat og utvida konsesjon vil ikkje i vesentleg grad gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget. for uttak av vatn til settefiskanlegget. NVE vurderer det likevel slik at det må settast vilkår om ei fast minstevassføring til Fjoneelva. Ei moderat minstevassføring vil kunne hindre tørlegging som vil vere uheldige for fisk og for elva som landskapselement.

NVE si konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn skader eller ulemper for almenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Alsaker Fjordbruk AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Vigdarvatnet med inntil 1,13 m mellom LRV på kote 7.37 og HRV på kote 8,50. Vassuttaket skal, i samsvar med søknaden, vere avgrensa til maksimalt 65 m³/min. Det skal sleppast ei fast minstevassføring til Fjoneelva på 160 l/s. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Kommentarar til vilkåra

Post 1. Reguleringsgrenser, minstevassføring og vassuttak

Regulering av Vigdarvatnet med inntil 1,13 m.

Kotehøgde skal overførast til eit vasshøgdemål (skala i cm) som skal monterast godt synleg ved utløpet av Vigdarvatnet. Plassering og utforming skal godkjennast av NVE, jf. post 4.

Minstevassføring:

Det skal sleppast ei minstevassføring gjennom heile året til Fjoneelva på minimum 160 l/s

Vassuttak:

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 65 m³/min og loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar osb.

Fristen gjeld også for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Vigdarvatnet. Plan for tiltaket må vere godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet vere sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osb.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osb. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve osb.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar osb vil liggje under denne post.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg tilhøve til tiltaket sin storleik g verknader.

Løyve etter vassressurslova gjeld regulering og vassuttak frå Vigdarvatnet for produksjon av settefisk. Løyvet gjev ikkje grunnlag for ekspropriasjon. Konsesjonæren har sjølv ansvar for å avklare privatrettslege tilhøve som tiltaket kan få verknad for. Løyvet kan ikkje nyttast til andre vassdragstiltak eller andre former for utnytting. Løyve som no blir gjeve erstattar løyvet av 12.09.2000.

Det er ein føresetnad for NVE sitt vedtak at Fiskeridirektoratet gjev konsesjon for utviding av produksjonen.

Dette vedtaket kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underrettinga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova Kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: 1

Kopi: Sveio kommune, 5559 Sveio,
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310 5020 Bergen,
Torkel Hamre, 5550 Sveio
Vigdar grunneigarlag, 5559 Sveio



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

7694 05 08971

Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004

gis tillatelse til

Regulering av Vigdarvatnet og vassuttak til settefiskanlegg

(erstatte konsesjon av 12.09.2000)

Meddelt: Alsaker Bruk AS og Vigdar Grunneierkag, Sveio, org.nr.: 983664490

Dato: 29 MAI 2008

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200705686-11

Kommune: Sveio

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Vigdarvassdraget

Vassdragnr.: 041.1z

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under henvisning til søknad av 30.05.2007 og til vedlagt brev, NVE 200705686-6,

Alsaker Fjordbruk AS og Vigdar grunneigarlag konsesjon til regulering av Vigdarvatnet. Alsaker Fjordbruk AS får også konsesjon til vassuttak til settefiskanlegg ved Fjon i Sveio kommune i Hordaland. Konsesjonen blir gitt på følgende vilkår:

1. Reguleringsgrenser og vannslipping

Utbyggingen vil utnytte følgende regulering:

Magasin	HRV kote	LRV kote	Reg. høyde m	Naturlig vannstand
Vigdarvatn	8,50	7,37	1,13	8,0

Kotehøydene refereres til Statens kartverks høydesystem. Reguleringsgrensene skal merkes med faste og tydelige vannstandsmerker.

Vannslipping: Det skal slippes en minstevassføring på 160 l/s til Fjonelven

Konsesjonen gjelder regulering og vannuttak i samsvar med den framlagde planen til produksjon av settefisk og kan ikke gjøres gjeldende for andre former for utnyttelse. Vannforbruket skal måles, registreres og dokumenteres overfor NVE på forlangende.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen bortfaller hvis ikke arbeidet er satt i gang senest tre år etter at den ble gitt, jf. vannressursloven § 27. Det samme gjelder hvis arbeidet deretter blir innstilt i mer enn to år. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen én gang med inntil tre nye år.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og driften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene for anleggsveger, massetak og plassering av overskuddsmasser.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trengs for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av fylkesmannen

- a. å sørge for at forholdene i **Vigdarvatnet og Fjonselven** er slik at de stedege fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av fylkesmannen å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettsstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.


Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan dette straffes med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven § 63 første ledd bokstav c.

13. Merking av usikker is

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må merkes eller sikres etter nærmere anvisning av NVE.



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

7. Ferdsel m.v.

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlengjengelige.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av regulerings virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

11. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

12. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.